



GOL IL SKØYTEGRUPPA

www.golil.no - skøyter

ÅRSMELDING 2003



Gol Bakeri & Konditori AS
3550 Gol – Tlf 3202 9650



Rica Partner Hotel 
Golsfjellet, N-3550 Gol
Tlf.: (+47) 32 07 80 00 Fax: (+47) 32 07 80 01
<http://www.storefjell.no> E-mail: 1001@storefjell.no



HALLINGKRAFT

Postboks 223, 3571 Ål
Tlf: 32 08 66 00, fax: 32 08 66 01
NO 971 589 671 MVA
Email: hallingkraft@hallingkraft.no

ÅRSMELDING 2003 for skøytegruppa, Gol IL.

Styret si samansetning:

Leiar:	Ola Halvar Jorde
Nestleiar:	Birgit Engene
Sekretær:	Anne Gerd Jorde
Kasserar:	Inger Berit Myklebust
Styremedlem:	Knut Idar Engene
Styremedlem:	Vidar Haugo
Varamedlem:	Reidmar Faleide
Ungdomsrepr:	Marit Jorde
Varamedl ungd.:	Hans Kristian Jorde
Kompetanseansvarleg:	Gisle Eide
Internettansvarleg:	Gisle Eide

Det har vore 9 styremøter og det er handsama 49 saker.

Medlemer i skøytegruppa: (i parentes tal frå 2002)

Totalt medlemstal:	94(104)
Medl. over 17 år:	40 (45)
Medl. under 17 år	54 (59)

	Konkuranseløparar	Skøyteskule	Totalt
Menn	12 (11)	23 (26)	35 (37)
Kvinner	<u>10 (12)</u>	<u>11 (14)</u>	<u>21 (26)</u>
Totalt	22 (23)	34 (40)	56 (63)

Gol skøytegruppe er ein av dei største klubbane i landet på jentesida.

Trenarar

Trenarar:	Ola Halvar Jorde Knut Idar Engene Gisle Eide
Medhjelparar på skøyteskulen:	Alf Roger Pettersen Helge Fivelstad Birgit Engene Anne Gerd Jorde

SAMLINGAR FOR LØPARANE.

Påska 2003: **Treningsleir i Moezeldalen i Tyskland**
1 løper deltok som ledsager på sykkel for funksjonshemma.

30.mai-1.juni: **Barmarksamling i Dagali**
5 løparar var med. Dette var ei kretssamling.

30.mai-1. juni: **Jentesamling på Geithus.**
3 løparar og 1 trenar var med.

21.juni: **Den store/vesle styrkeprøva.**
1 løpar deltok i den store styrkeprøva Trondheim –Oslo og 1 løpar deltok i den vesle styrkeprøva Lillehammer – Oslo.

- 28.juni:** **Hallingrittet**
Fleire av løparane deltok på Hallingrittet.
- 15.- 17. august:** **Sommarisen i Vikingskipet/jentesamling.**
11 løparar og 2 trenarar var på sommarisen denne helga.
3 av jentene deltok også på jentesamlinga.
- 23. august:** **Birkebeinerrittet**
2 løparar var med på denne styrkeprøva.
- 5.-7. september:** **Jentesamling i Sør-Fron.**
3 løparar og 1 trenar deltok.
- 5.-7. september:** **Treningssamling på Ørterstølen (Aktiv skøyteklubb)**
2 av løparane var med Aktiv skøyteklubb på treningssamling på Ørterstølen.
- 19. – 21. september:** **Barmarksamling på Gol.**
Samling for løparane med Kåre Eldevik. Mange av løparane deltok på denne helga.
- 24.-26. oktober:** **Jentesamling i Vikingskipet.**
3 løparar og 1 trenar frå Gol deltok.
- Hausten 2003:** **Fellestrening for skøytegruppa, langrennsgruppa og alpingruppa.**
Også dette året har det vore fellestreningar for løparar frå skøytegruppa, langrennsgruppa og alpingruppa på Skaga ein kveld i veka.
Trenarar frå alle gruppene har samla trossene sine til knallhard grunntrening. Dei aktive har hatt berre godord å seie om desse fellestreningane. Det vert eit større treningsmiljø på dei ulike alderstrinna, noko som aukar trivselen og treningsgleda. Treningane har foregått både ute og inne, både "til lands og til vanns". Skøytegruppa takkar for samarbeidet og håper å fortsetje med tiltaket neste haust.

Denne hausten var skøyteisen på Glitre klar 19. november.

TURAR/SOSIALE SAMLINGAR:

- 10. januar:** **Pizzakveld på Glitre.**
Løparar frå 10 år og oppover saman med foreldre var invitert til sosialt samvær med pizza, lek og moro. Svært mange av løparane kom og det vart ein koseleg kveld.
- 18.-19. januar:** **Busstur til Krystallcupen.**
Krystallcupen på skøyter skulle vore avvikla laurdag 18. og søndag 19. januar på Jevnaker. Det milde vêret over Austlandet gjorde at laurdagsløpa vart avlyst og søndagsløpa vart flytta til Furumo kunstisbane på Geithus.
Skøytegruppa leigde buss og Vidar Haugo køyrde. Vi var 17 gølingar og 12 hølningar som deltok i løpa og mange foreldre var med.
- 15.-16. februar:** **Landsmeisterskapen på Hamar.**
6 løparar frå Gol (alle jenter) var teke ut til å delta i Landsmeisterskapet. Berre dei beste i landet frå kvart alderstrinn er kvalifiserte til denne meisterskapen. Særleg er talet på kvalifiserte lågt i jenteklassene. I klasse jenter 16 år var det berre 10 i heile landet som hadde klart krava, av desse var 3 frå Gol.

1.-2.mars:

”Rådeløpet” i Vikingskipet.

Det var med 19 løparar frå Gol. Som tidlegare år er dette ei fin familiehelg og høgdepunktet for mange av løparane. Det blir sett mange personlege rekordar og foreldra stiller villig opp på sidelinja med heiarop.

14. september:

Ridetur i Grøndalen.

Ca 20 personar møtte fram til sosial samling med ridetur i Grøndalen i Hemsedal.

KURS/UTVIKLINGSARBEID.

NSF Leiarkurs 1.

Gisle Eide og Per Helge Myklebust deltok på eit leiarkurs i Drammen 11.oktober.

NSF Leiarkurs 1(Kurs i klubbhandboka.)

Heile styret vart kursa i klubbhandboka av Gisle Eide 11. november.

EIGNE ARRANGEMENT.

NM junior allround	44 deltakarar
7 klubblop	30 - 40 deltakarar kvar gong
Skøytesportens dag	ca 40 deltakarar
Hallingdalskarusellen (nasjonalt løp)	84 løparar
Bedriftsstafett	6 lag deltok med 3 personar på kvart lag

Vi hadde mange vellykka arrangement i år 2003.

Vi kan blant anna nemne:

NM junior allround :

Det største arrangementet for klubben var NM junior allround. Etter lang og god planlegging leia av Ola Halvar Jorde, var det flott å oppleve eit stemne som gjekk knirkefritt. Gruppa fekk skryt etterpå for eit flott arrangement.

Norgesmeisteren både for kvinner og menn kom frå Jevnaker.

Med ein fantastisk sluttspurt på 3000 sundag sikra Maren Haugli seg sitt norske meisterskap framfor parkammerat Mari Hemmer. Haugli hadde 3 distansesigrar og ein tredjeplass. I herreklassa sikra Tor Arve Magnussen seg meisterskapstittelen med 3 distansesigrar og ein andre plass.

Vi merkar oss at Maren Haugli også sette 2 banerekordar på Glitre. 2.15,30 på 1500 meter og 4.49,44 på 3000 sundag. Dette viser at iskvaliteten var god under meisterskapen på Gol, trass i opptil 3-4 plussgrader på sundagen.

Det var også eit NM-lotteri der bedrifter i Gol hadde sponsa gevinstar. Hovudgevinsten var ei flott spisestue frå Bohus, som var utstilt på Glitre under arrangementet.

Det vart også laga eit NM-hefte der mange bedrifter i Gol hadde annonser.

Hallingdalskarusellen:

Påskevær er vel den beste måten å beskrive forholda under Hallingdalskarusellen på.

Isen var også av beste klasse både på Gol og i Hol. Det var generelt mange gode tider og det vart banerekordar på 3000 meter på Gol med tida 4.07.2 og på 5000 meter i Hol med tida 7.02.1. Begge rekordane stod Preben Kristensen frå Fana for.

For deltakarane frå Buskerud vart det lagt inn kretsmeisterskap på enkelte distansar under Hallingdalskarusellen.

Hallingdalsmeisterskapet: Trass snøvêret var det fine forhold og god is under Hallingdalsmeisterskapen på Glitre onsdag 5. mars. 40 løparar deltok. Det vart servert kveldsmat i kafeteriaen etterpå.

Skøytesportens dag: Vi hadde fellesstart for både store og små. Alle kunne gå inntil 5000 m. Etterpå var det saft og vaflar inne i kafeteriaen.

Bedriftsstafett: Skøytegruppa i Gol idrettslag arrangerte også i år for femte år på rad bedriftsstafett på skøyter på Glitre stadion. Stafetten vart arrangert onsdag 19. februar. Stjerneklart vær og nokre få kuldegrader danna ei kjempefin ramme kring arrangementet. Det viktigaste med stafetten er å møtast og ha det gøy på isen. Einaste kvalifiseringskravet for å delta er å vere i stand til å gå 400 meter på skøyter. Kwart lag består av 3 personar. 6 lag med til saman 18 menn stilte opp, mens kvinnene var fråverande dette året. Skøytegruppa hadde lagt opp til klassar både for racerar og for idealtid. I klassa for idealtid var det ingen deltakarar. Vi vonar dette kan rette seg til neste års stafett. Idealtid kan vere ein artig måte å konkurrere på. Etter at Vianor hadde vunne bedriftsstafetten dei tre føregåande åra var det i år laget frå turistbedriftene i Gol sin tur. Laget bestod av Ove Kristian Moholt, Arve Rustberggard og Torleif Brekko.

Idrettslagets dag: Skøytegruppa deltok også i år med stand på Idrettens dag. Publikum kunne her mellom anna:

- sjå utstilling av gamle skøyter
- sjå video frå skøytemiljøet/skøyteløp
- høyre radiooptak av gamle skøyteløp
- få info om skøytegruppa sitt arbeid
- studere skøytegruppa sine nettsider på PC
- delta i tippekonsurransse med skøytespørsmål
- spele ringspel (på brusflasker)
- sjå sliping av skøyter "live".

INNSATSEN TIL LØPARANE I SESONGEN 2002/2003.

(Tala i parentes er antal deltakarar)

Senior	Håvard Myklebust	NM sprint	nr. 17	(21)
		NM allround	nr. 23	(24)
		NM enkeltdistanser	1000m	nr. 17 (21)
			5000m	nr. 17 (19)
		Deltok i Norgescupen		
		Deltok i gjesteklassen i Rådeløpet.		
Junior A	Martin Haugo	Deltok i gjesteklassen i Rådeløpet.		

Junior A	Hans Kristian Jorde	NM allround		nr. 13	(27)	
		NM enkeltdistanser	1000 m	nr. 15	(21)	
			1500 m	nr. 15	(21)	
			3000 m	nr. 19	(24)	
		Deltok i Norgescupen Kretsmeister på 500 m og nr 2 på 1500m. Deltok i gjesteklassen i Rådeløpet.				
Junior B	Elise Haugo	NM allround		nr. 13	(17)	
		NM enkeltdistanser	500m	nr. 13	(17)	
			1000m	nr. 14	(16)	
			1500m	nr. 16	(16)	
		LM	500m	nr. 8	(9)	
			1000 m	nr. 8	(10)	
			1500 m	nr. 9	(10)	
Deltok i Norgescup Kretsmeister 500m og nr 2 på 1500m Rådeløpet						
			nr. 9	(15)		
Junior B	Marit Jorde	NM allround		nr. 12	(17)	
		NM enkeltdistanser	1000m	nr. 13	(16)	
			1500m	nr. 13	(16)	
		LM	1000 m	nr. 10	(10)	
			1500 m	nr. 8	(10)	
			3000m	nr. 8	(9)	
		Deltok på Norgescup Kretsmeister på 1500m og nr 2 på 500 m Rådeløpet				
			nr. 10	(15)		
Junior B	Line Marie N. Faleide	LM	500 m	nr. 9	(9)	
			1000 m	nr. 9	(10)	
			1500 m	nr. 10	(10)	
Junior C	Line Engene	Nr. 2 kretsmeisterskapet på 1500m				
		Birgitte Jorde	LM	500m	nr. 10	(16)
				1000m	nr. 11	(16)
			1500m	nr. 10	(16)	
	Kretsmeister på 500m og 1500m Rådeløpet					
				nr. 9	(27)	
	Silje Kristine N. Faleide	LM	500 m	nr. 13	(16)	
			1000 m	nr. 13	(16)	
			1500 m	nr. 13	(16)	
	Ingrid Eide	LM	500 m	nr. 12	(16)	
			1000 m	nr. 14	(16)	
			1500 m	nr. 14	(16)	
			Nr. 2 kretsmeisterskapet på 500m og nr. 3 på 1500m Rådeløpet			
					nr. 17	(27)

12 år	Martin Engene Øyan	Nr. 2 kretsmeisterskapet på 500m og nr. 2 på 1000m Rådeløpet	nr. 26 (26) fall
12 år	Simen Fivelstad Smaaberg	Nr 3 kretsmeisterskapet på 1000m	
11 år	Lise Marie Jorde	Rådeløpet	nr. 17 (19)
10 år	Sigbjørn Haugo Mats Carlstrand Sigbjørn Eide	Deltok i Rådeløpet Deltok i Rådeløpet Deltok i Rådeløpet	

Andre på denne alderen som har gått løp denne vinteren er:

Leutrim Sadiki
Lars Fivelstad Smaaberg
Nille Marta Norhaug Faleide

Björg Merete Hjallen er nå ungdomsrepresentant i styret i Norges Skøyteforbund.

Per Helge Myklebust er leiar for Buskerud Skøytekrets.

Gisle Eide er kompetanseansvarleg i Buskerud Skøytekrets.

STARTARAR.

- **Vidar Haugo** er startar i nivå 3.
- **Ola Stølen** er startar i nivå 2.

OVERDOMMAR.

- **Ola Halvar Jorde** er overdommar i nivå 4.

DUGNADSINNSATS OG ANNAN AKTIVITET I KLUBBEN.

- Som tidlegare år har gruppa hatt dugnadsvask på klubbhuset og speakerbua på Glitre.
- Skøytegruppa hadde ein stor dugnadsgjeng under Hallingrített.
- Varetelling på Rema 1000 søndag 29. juni.
- Også dette året har Vidar Haugo lagt ned ein kjempestor dugnadsinnsats med islegging og vedlikehald av isen. Vidar gjer eit fantastisk arbeid på Glitre og hans innsats med banen er uunnverleg. Ein KJEMPESTOR TAKK til Vidar for svært godt arbeid på banen og mange dugnadstimar gjennom mange år.
- Hausthalvåret 2003 er det Ola Halvar Jorde som har stått for mesteparten av islegginga. Også ein stor takk til Ola Halvar for denne jobben og for mange timar dugnadsinnsats elles i gruppa med ulike ting. Ola Halvar har alltid oversikt over det som trengst i forhold til store og små arrangement.
- Internetsida til skøytegruppa er vi stolte av og samarbeidet med internettansvarleg i skøyteforbundet er kjempebra. Takk til Gisle Eide for flott arbeid.
- "Glitretid" – tidtakarprogrammet som Oddbjørn Jorde har laga er under vidare utvikling og forbetring.

Utover dette er det mange som gjer ein stor dugnadsinnsats for gruppa gjennom mange ulike oppgåver. Styret vil få takke alle foreldre og andre frivillige som har gjort ein jobb på Glitre i året som har gått. Utan dugnad hadde vi ikkje kome langt.

SPONSORAR.

Skøytegruppa vil få takke Vianor, Storefjell, Hallingkraft og Gol Bakeri for den positive sponsorstøtta. Ein ekstra stor takk til Pers hotell for sponsing av rom under NM og for ein fantastisk bankett for NM-deltakarar med leiarar og funksjonærar. Det kom svært mange positive tilbakemeldingar på denne banketten etter NM.

Skøytegruppa vil også få takke Felleskjøpet for lån av traktor.

Vi må heller ikkje gløyme Aslak Golberg for alle maskinene som står til disposisjon når skøytegruppa har bruk for dei. Takk for lånet!!!

Ein takk også til Kåre Dramstad som kjem innom og brøyter ut kantane når det blir for mykje snø.

Førjuls vinteren 2003 vil vi også få takke Mesta v/Lars Petter Hefte for brøyting på Glitre.

Vi takkar også Bionor Naturgjødsel v/Faleide og Hallingdal Kraftnett for sponsing av løpstrikotar og treningstrikotar.

Styret i skøytegruppa vil til slutt få takke alle som på ein eller annan måte har støtta gruppa og gjort ein innsats i 2003.

UTFORDRINGAR I FRAMTIDA.

- Etter mange år på lista for tippemidlar, reknar skøytegruppa med at vi snart ligg øverst i bunken og kan få midlar til utbygging på Glitre. Ny speakerbu og garasjeanlegg har lenge stått på lista over nødvendige investeringar.
- Skaffe fleire trenarar.
- Skaffe personar og midlar til islegging og vedlikehald av banen.
- Skøytegruppa går ivrig inn i 2004 med mange løparar og mange ungar på skøyteskulen.

Velkomen til eit godt skøytemiljø på Glitre.

Arrangement 2004:

10.-11. januar:	Norgescup junior.
25. januar:	Kveldskretsløp
4. februar:	Skøytesportens dag
11. februar:	Bedriftstafett
21. februar:	Hallingdalskarusellen

Gol 26. januar 2004

Styret for skøytegruppa.